

70 år.

En kjent mann i Lenvik, Karl Bårdsen, Laukhella, runda 70 år den 16 juli sistleden. Han er kjent som ein framifrå dyktig fiskar og jordbrukar. Frå barneåra har han hatt sin plass i fiskerbåten og enda heng han i med dette yrke.

På jorda har han gjort eit godt arbeid med å rydde eit pent bruk og bygge heim på den utmarkeig han fikk av farsjorda si. Der føes nå fleire kjyr og småkretur, kor det før var berre villmark.

Hans hustru Mette, er yngste datter av Ole Schjølje, Finnjord og hustru Johanna Andreassen, Leiknes. Hun har heile tia vore ei god medhjelp, og strever framleis som husmor i heimen. Hun er nå i 69 årsalderen.

Jorda har de nå overlatt til sin eldste sønn, Karl, men framleis arbeider de i fellesskap med de av barna som bur i heimen.

De bar hatt 7 barn, derav lever 3 sønner og 3 døtre, en sønn døde i barneåra. Alle barna er blitt framifrå dyktige mennesker med framtaksvilje og arbeidsmot. Men så har de og god arv å slekte på.

Karl Bårdsen er sønn av Bård Knudsen Laukhella, som var en bror av Fredrik Knudsen Johnsgård, og Johan Knudsen, Laukhella.

En bror, Karl Knudsen, gikk til sjøs og er død i utlandet, en annen bror, Andreas, flytta med sin familie til Berlevåg og busette seg der. De hadde en søster Sigrid Anna, som døde for et par år sia.

Når Karl Bårdsen nå har runda 70 års dagen sin så er vi mange som takker han for det gode føredøme han har synt med sitt livsarbeid og vi ønsker ham og hustruen hans en god livskveld.

Nabo